



HARAM
KOMMUNE

Vedtekter for kulturprisen i Haram

Vedtak i Haram kommunestyre 21.03.2024, k.sak 027/24

Justert ved vedtak i Haram kulturutval 08.04.2025, sak 007/25

1. Føremålet med prisen er å hjelpe og fremje kulturarbeidet i Haram kommune.
2. Kulturutvalet i Haram deler ut prisen. Prisen vert sett til kr 15 000 pr år, men kan endrast av kommunestyret under budsjettbehandlinga.
3. Kulturprisen kan tildelast enkelpersonar eller grupper, til lag og organisasjonar som høyrer heime i kommunen, og som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege.
4. Kulturprisen kan ikkje tildelast offentlege institusjonar eller til landsomfattande organisasjonar som hovudsakleg finansierer arbeidet sitt med offentlege midlar, heller ikkje til personar som er tilsette av det offentlege for å drive kulturarbeid eller kulturvern.
5. Kulturutvalet syter for å gjere prisen kjend. Frist for innsending av forslag til kandidatar vert sett til 15.09. kvart år. Med minst 2 - to - månaders varsel skal kulturutvalet kunngjere fristen i pressa. Framlegg på kandidatar til kulturprisen kan fremjast av enkelpersonar, lag og foreiningar, og skal vere skriftlege, med grunngjeving av framlegget. Kulturutvalet kan vurdere andre kandidatar enn dei det er kome framlegg om
6. Kulturutvalet gjer vedtak om prisen skal utdelast, kven som skal få prisen. Den som får prisen, vert også tildelt eit synleg prov på prisen i form av ein diplom. Det skal ikkje knytast særlege vilkår til korleis mottakaren nyttar prisen. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal.
7. Det skal ikkje offentleggjera kven som er kandidat eller kva utfall avrøyistinga mellom kandidatane fekk. Kulturutvalet skal grunngi vedtaket dei gjer.
8. Kulturprisen vert utdelt på siste møtet i kommunestyret før jul.